

U 19-09 Høyring. Forvaltningsreformen - lovendringar

Behandling i Fylkesutvalet - 23.02.2009

Oddbjørn Vatne (SP) fremma følgjande forslag til tillegg nytt pkt.:

"Kriteria for fordeling av midlar til dei nye fylkesvegane (tidl. øvrige

riksvegar) mellom fylka må ikkje endrast. Også fordelinga mellom dei nye

fylkesvegane og stamvegane må stå fast. Evt framtidig endring må baserast

på grundig fagleg utgreiing og høyring".

Votering:

Pkt. 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 8 vedteke med 12 mot 1 stemme.

Pkt. 7 falt med 9 mot 4 stemmer

Forslag til tillegg fremma av Oddbjørn Vatne (SP) vedteke med 12 mot 1 stemme.

Vedtak i Fylkesutvalet - 23.02.2009

1. Fylkeskommunen sitt nye ansvar på samferdselsområdet må kompensereast fullt ut, herunder vedlikehaldsetterslepet i tråd med Stortinget sine merknader og det finansielle ansvarsprinsipp. Det må utarbeidast ein forpliktande tiltaks- og opptrappingsplan for å dekke inn vedlikehaldsetterslepet. For å møte behovet for nødvendig kompensasjon, må staten, i tillegg til å auke rammetilskottet til fylkeskommunane, etablere eit infrastrukturfond.
2. Forslaget om å sette veglovens §7 – som set krav til skikkeleg vegstandard ved overføring frå eit forvaltningsnivå til eit anna – ut av spel, er uakseptabelt. Det er uholdbart at staten med eit pennestrøk endrar spelereglane og retningslinjene Stortinget har vedtatt.
3. Kontrakter som i 2009 blir inngått/forlenga, må skje etter avtale med dei einskilde fylkeskommunane.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt kritisk til og kan ikkje akseptere forslag til endringar i §16 og §62 i veglova med nytt tredje og fjerde lekk og §40 i vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter som gir staten høve til å gi pålegg og instruksar om korleis fylkeskommunane skal bygge ut, vedlikehalde, drifte og forvalte det framtidige fylkeskommunale vegnettet. Forholdet mellom staten og kommunesektoren må i tråd med regjeringa sin politikk, utviklast i retning av partnerskap, og slik at relasjonane mellom nivåa må baserast på klare ansvarsforhold, tillit og gjensidighet.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune kan ikkje akseptere den modellen for sams vegadministrasjon som departementet foreslår i sitt høyringsnotat. Det må etablerast ein modell for vegadministrasjon der det er eit klart skilje mellom bestillar og utførar og der fylkeskommunen som bestillar må styrkast for å ivareta denne funksjonen på ein tilfredsstillande måte.
6. Vegdistrikta i Statens vegvesen bør følgje fylkesgrensene.
7. Eventuelle juridiske normer for samferdselsområdet må heimlast i lov og ikkje i form av forskrifter.

8. Kriteria for fordeling av midlar til dei nye fylkesvegane (tidl øvrige riksvegar)mellom fylka må ikkje endrast. Også fordelinga mellom dei nye fylkesvegane og stamvegane må stå fast. Evt. framtidig endring må baserast på grundig fagleg utgreiing og høyring.